



OMTALE AV BARRIER, SOL-VEX, NEOTOP OG PVA

Tema:
PVU

Dato:
04.02.10

Side:
1 av 2

BARRIER

- ein 6 lags laminathanske med ein tjukkeleik på 0,062 mm.

Bruksområde:	<ul style="list-style-type: none">• Ein svært god vernehanske mot dei fleste kjemikaliar, med unntak av – halogenerte løysemiddel og ammonia (ammoniakk).
Ulemper:	<ul style="list-style-type: none">• Dårleg motstand mot riving, kutt og stikk.• Hansken kan verka vanskeleg i bruk, med dårleg passform, dårleg gripeevne og dårleg komfort. Dette kan løysast ved å nytta ein eingongshanske utanpå laminathansken. For dei som nyttar ulike typar kjemikaliar, maling, plantevernmidlar osb. vil det seia å nytta Touch N Tuff.
Storleik:	<ul style="list-style-type: none">• Praktisk erfaring syner at ein bør nytta <i>små</i> storleikar av hansken.

Sol-Vex (nr. 37-675)

- ein hanske laga av nitrill (syntetisk gummi), med ein tjukkeleik på 0,38 mm.

Bruksområde:	<ul style="list-style-type: none">• Ein god vernehanske når ein skal arbeida med vassløysingar.• Har stor motstandskraft mot:<ul style="list-style-type: none">○ uorganiske syrer og basar, men <i>ikkje mot</i> konsentrert svovelsyre (H₂SO₄), salpetersyre (HNO₃) og flussyre (HF)○ enklare løysemiddel av aromat- og alifat typen, slik som hexane, cyklohexane og liknande.• Hansken er godt egna mot sterke alkaliske vaskemiddel, til dømes til vask av glassutstyr.• Bør ikkje nyttast kor ketonar og løysemiddel.
Fordelar:	<ul style="list-style-type: none">• Har høg motstand mot slitasje.• Er svært god mot kutt og stikk.• Har god gripeevne når tørr.• Har god komfort.
Ulemper:	<ul style="list-style-type: none">• Dårlig gripeevne når våt.
Storleik:	<ul style="list-style-type: none">• Storleiken på hansken er "normal".
Merknad:	Denne hansken er å finna i både tjukkare og tynnare utføringar. Det vil seia at endrar ein på kvaliteten på hansken vil ein få ei anna motstandskraft (gjennombrøtstid) ved bruk for same type kjemikalie.



OMTALE AV BARRIER, SOL-VEX, NEOTOP OG PVA

Tema:
PVU

Dato:
04.02.10

Side:
2 av 2

Neotop

- hanskaner er laga av neopren (syntetisk gummi), har fór av bomullsfloss og ein tjukkeleik på 0,75 mm.

Bruksområde:

- Ein god vernehanske når ein skal arbeida med konsentrerte og fortynna syrer og basar.
- Har stor motstandskraft mot alkoholar, men ikkje mot metanol.
- Bør ikkje nyttast for organiske løysemiddel.

Fordelar:

- Har god motstand mot slitasje og riving.
- Er god mot kutt og stikk.
- Er fleksibel, men mindre fleksibel enn Sol-Vex.

Storleik:

- Storleiken på hansken er "normal".

PVA

- hanskaner er laga av Poly Vinyl Alkohol (PVA)

Bruksområde:

- Ein vernehanske for arbeid med ikkje vasshaldelege løysingar.
- Er den einaste hansken som har stor motstandskraft mot halogenerte løysemiddel som kloroform, diklormetan osv.
- Egnar seg godt ved arbeid med aromatiske og alifatiske løysemiddel, samt ketonar.
-

Fordelar:

- Har god motstand mot slitasje.
- Er god mot kutt og stikk.

Ulemper:

- Mange synest hansken er verre i bruk enn BARRIER.

Storleik:

- Kan berre fåast i storleik 9, det vil seia uegna for kvinner på grunn av storleik.

Merknad:

Dersom hansken vert utsett for vatn vil den gå i oppløysing!